



Arkivnr: 2018/17214-25  
Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2019

## Ung Kultur Møtes Strategiplan 2020-2024. Høyringsvar til UKM Norge

### Samandrag

UKM Norge, v/ dagleg leiar Torstein Siegel, sendte 12.03.19 ut e-post med invitasjon til høyringsinnspel på vedlagte strategiplan til fylkeskommunar og kommunar. Strategiplan og invitasjon er vedlagt.

Fylkesrådmannen føreslår at Hordaland fylkeskommune sendar fråsegn slik dei er skissert i saka med merknadar til UKM Norge.

### Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til fråsegn slik det er skissert med følgjande merknadar:

1. UKM Norge må arbeide frem ein rullerande handlingsplan for at strategiplanen skal få reell verknad.
2. UKM Norge må leggje vekt på å tilføre ressursar til kommunane som representerer grunnfjellet i UKM nasjonalt.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 19.03.2019

Gjennom meir enn 30 år har UKM utvikla seg til å bli det som i dag kan sjåast som ei av dei tre viktigaste offentlege satsingane på barn og ungdom innan kulturfeltet, saman med kulturskulane og det omfattande programmet for kunst- og kulturformidling til skulen. UKM Hordaland er godt forankra og er ein del av Hordaland fylkeskommune sin kulturpolitiske plattform. Hordaland fylkeskommune har ansvar for arbeidet med UKM Hordaland og avviklinga av UKM-festivalen i Hordaland kvart år.

Hordaland fylkeskommune ser det som positivt at UKM Norge har skrive ei strategiplan for perioden 2020-2024. Strategiplanen var hovudtema på UKM-konferansen hausten 2018 der m.a. fylkeskontaktnettverket var representert. Det er no høve til å gje innspel til strategiplanen.

Strategiplanen er lett leseleg og kortfatta, men fylkesrådmannen saknar ein handlingsplan. For at ein strategiplan skal få reell verknad er det viktig med ein tilhøyrande handlingsplan der ein prioriterer einskilde tiltak til kvart semester / år. Dette er ikkje belyst i planen og fylkesrådmannen rår til at styret tek tak i å formulere ein slik handlingsplan for kvart semester / år. Førre strategiplan i UKM Norge vart vedteke i 2015. Vår erfaring er at denne strategiplanen i UKM Norge vart lite nytta i praksis og såleis ikkje vart retningsgivande slik ein strategiplan skal vere. Dette kan vere eit resultat av at strategiplanen ikkje var knytt til ein konkret handlingsplan som kunne bidra til å iverksette strategien. UKM Norge har i denne planen forslag til fleire tiltak, men det er ikkje sett noko tidsaspekt / fristar til gjennomføring av desse. Dette er naudsynt for å lukkast med implementeringa.

For å styrke UKM sin relevans har styret lagt fram 4 satsingsområder for perioden 2020-2024:

1. Samarbeid, heilskapstenking og forankring
2. Ung styring, unge stemmer, unge uttrykk
3. Digital meirverdi og samhandling
4. Internasjonale nettverk

UKM Norge har vidare sett opp tiltak dei sjølv skal gjennomføre innan dei ulike satsingsområda og deretter lagt fram forslag til lokale og regionale tiltak som kommunane og fylkeskommunane kan gjere innanfor dei same satsingsområda. Fylkesrådmannen refererer og kommenterer dei i det følgjande.

1. Samarbeid, heilskapstenking og forankring

### UKM Norge sine tiltak:

UKM Norge skal m.a. «tilretteleggje for god kommunikasjon og kompetanseheving i UKM-nettverket».

For å imøtekome kommune- og regionreformen og dei nye kommunane og fylkeskommunane frå 1.1.20, må UKM Norge gjere fleire praktiske endringar på nettsida si. Det skal vere lågterskel for ungdommar å melde seg på i UKM. Det må såleis vere mogleg å melde seg på i sin kommune, sjølv om denne har nytt namn 1.1.20. Det er t.d. uheldig at ungdommar i Trøndelag fylkeskommune framleis må melde seg på kommunar i gamle Sør-Trøndelag fylkeskommune då Trøndelag fylkeskommune vart iverksett allereie 1.1.18.

### Forslag til lokale tiltak:

UKM Norge føreslår at kommunane skal «etablere samarbeid med minst éin ny lokal kulturaktør kvart år». Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det skal vere eit mål i seg sjølv å få flest mogleg samarbeid på plass. Målsetjinga må vere å få på plass best mogleg samarbeid med dei aktørane det er mest føremålstenleg i den einskilde kommune. Det er store kulturskilnadar i kommunane og kommunane veit best kva som vil fungere. I dei minste kommunane er det ikkje uvanleg at alt kulturarbeid i kommunen ligg hos ein og same person.

Vidare føreslår UKM Norge at kommunane skal forankre UKM i «tverrfagleg planarbeid i relevant sektor, samt etablere tverrfagleg team rundt UKM». Dette er eit forslag som er særers ressurskrevjande. Med slike forventningar til kommunane ser fylkesrådmannen det som sjølvsgat at UKM Norge løyver

stimuleringsmidlar til dei kommunane som vil iverksette eit eller fleire av forslaga til lokale tiltak, utan at det vert stilla krav til eigenandel frå kommunen. Det bør vere ei kjent sak for UKM Norge at mange kommunar har utfordringar knytt til ressursar på kulturområdet. Dersom UKM Norge meiner alvor med stimuleringsmidlane, kan det ikkje vere eit krav om at kommunane må stille med meir eigenandel i budsjettet enn arbeidstid til den / dei som gjennomfører prosjektet.

#### Forslag til regionale tiltak:

Det er greie forslag som UKM Norge føreslår at fylkeskommunane kan gjere av tiltak. Desse tiltaka samsvarar godt med dei satsingane Hordaland fylkeskommune allereie jobbar aktivt med i arbeidet med UKM Hordaland.

#### 2. Ung styring, unge stemmer, unge uttrykk.

##### UKM Norge sine tiltak:

Fylkesrådmannen ser positivt på at UKM Norge vil etablere ordningar med unge mentorar innan alle uttrykk og nivå. Vidare er fylkesrådmannen spent på å sjå resultatet av punkt 2, der UKM Norge skal «definere og synleggjere ungdom sin UKM-kompetanse og formidle dette som ressurs til kulturlivet». Fylkesrådmannen er usikker på kva dette betyr i praksis. Sjølv om det er viktig å bygge bru mellom ungdommar sine erfaringar frå UKM og det profesjonelle kulturlivet, så er det endå viktigare at erfaringane frå UKM i seg sjølve kan tas med som berikande livserfaring for alle. UKM Norge bør ikkje ha som føresetnad at verdien av UKM berre er for dei som ser føre seg ei framtid innan kultursektoren.

##### Forslag til lokale tiltak:

Eit av forslaga er at kommunen «Etabler ei ung arrangørgruppe som jobbar tett med lokalkontakten, og som tek i vare på den lokale ungdomskulturen i arbeidet med UKM». Dette er eit viktig tiltak i alt arbeid med UKM. Dersom UKM skal vere eit arrangement av, med og for ungdom er det naudsynt at ungdommar sjølve er med og påverke i alle ledd av arrangementet. For dei kommunane som ikkje allereie jobbar med ei ung arrangørgruppe, vil dette vere eit ressurskrevjande arbeid, særleg i starten. Det kan igjen vere behov for lokale stimuleringsmidlar til kommunane her for at dei kan kome i gong med dette viktige arbeidet. Igjen er det viktig at det ikkje vert stilt krav til eigenkapital i søknaden.

##### Forslag til regionale tiltak:

Det er greie forslag som UKM Norge føreslår at fylkeskommunane kan gjere av tiltak. Desse tiltaka samsvarar godt med dei satsingane Hordaland fylkeskommune allereie jobbar aktivt med i arbeidet med UKM Hordaland.

#### 3. Digital meirverdi og samhandling

##### UKM Norge sine tiltak:

Fylkesrådmannen ser det som positivt på at UKM Norge skal leggje til rette for deltaking med digitale kulturuttrykk og auke samhandling og aktivitet på digitale møteplassar. Det er dog viktig at denne delen ikkje gjer at det blir mindre av dei fysiske møteplassane i UKM. UKM skal vere Norge sin viktigaste møteplass for ung kultur og fylkesrådmannen er samd i at det er naudsynt å følgje med, og vere tilstade, på dei digitale arenaene. Men behovet for å møtast fysisk og utøva kunst og kultur saman, ansikt til ansikt, blir stadig meir viktig i vår digitale verd. Å møtast og samhandle i eit fysisk fellesskap vil alltid vere eit grunnleggjande behov blant menneske.

##### Forslag til lokale tiltak:

UKM Norge føreslår m.a. at kommunane skal «ta imot og tilretteleggje for deltaking i nasjonale digitale satsingar frå UKM Norge». Her føreset Hordaland fylkeskommune at desse satsingane ikkje vil vere ressurs- eller kostnads-krevjande, og krevje ressursar som går utover det grunnleggande sosiale aspektar i UKM.

Eit anna forslag til tiltak er å «Tilretteleggje for deltaking i digitale kunstformer og fokusere på den fysiske møteplassen for deltakarar med digitale kulturuttrykk». Det er positivt at UKM Norge vektlegger den fysiske møteplassen der digitale kulturuttrykk er tilstade. Fylkesrådmannen er samd i at det er viktig å opne UKM for digitale kulturtrykk og aktivitetar som er sterkt tilstade i ungdomskulturen.

#### Forslag til regionale tiltak:

UKM Norge foreslår at fylkeskommunane skal «Ta imot og leggje til rette for deltaking i nasjonale digitale satsingar frå UKM Norge». Det er ikkje vist til døme på kva dette kan innebere og fylkesrådmannen stiller difor spørsmål til dette. Hordaland fylkeskommune legg til rette for at alle dei vidaresendte deltakarane i UKM frå kommunane kan delta i alle dei kategoriar og sjantrar dei har delteke i lokalt.

Vidare foreslår UKM Norge at fylkeskommunane skal «Leggje til rette for samhandling og deltaking på digitale plattformer og knytte dette til den fysiske møteplassen som UKM er». Det er positivt at UKM Norge vektlegger den fysiske møteplassen der digitale kulturuttrykk er tilstade.

#### 4. Internasjonale nettverk

##### UKM Norge sine tiltak:

Fylkesrådmannen stiller seg spørjande til kvifor UKM Norge skal «opprette ein gruppe med ansvar for UKM Norge sine internasjonale engasjement» og vidare «motivere til internasjonale initiativ også lokalt og regionalt i UKM». Det er positivt med fokus på internasjonale nettverk, men det kan ikkje gå på kostnad av å sette inn sterkare satsing for å satse på grunnfjellet i UKM som nettopp er aktivitetane i kommunane. Ungdommar som møter UKM møter ikkje UKM på den internasjonale arena, dei møter UKM i sitt lokalsamfunn. Rekruttering er nøkkelen for at UKM kan lukkast i framtida og det er her UKM Norge må setje inn ressursane.

Vidare står det ingenting i strategiplanen om kva ein ventar å oppnå med å inkludere UKM i internasjonale prosjekt / nettverk. Hordaland fylkeskommune ser ikkje kvifor dette skal vere eit prioritert område for UKM i denne perioden. UKM må fyrst og fremst fungere godt både lokalt, regionalt og nasjonalt.

Det er UKM Norge som har oppdraget frå Kulturdepartementet med å drive UKM. For at UKM skal ha «livets rett» må UKM arrangerast og arbeidast med lokalt i kommunen, men ingen kommunar er pliktig til å drive UKM. Å drive UKM lokalt må difor opplevast som meningsfullt for kommunen og innbyggjarane. Ein kvar kommune er pliktig til å følge Kulturlova og av dette m.a. ha eit godt kulturtilbod til ungdom. Dette tyder likevel ikkje at UKM treng å vere inkludert i eit kulturtilbod til ungdom lokalt. Det er vidare underleg at UKM Norge skriv i invitasjonen til strategiplanen at «Målet med UKM er ikkje UKM, men eit best mogleg kultur- og oppvekstmiljø». Det er viktig at UKM Norge har fokus på å utvikle UKM på best mogleg vis for framtida slik at det kan inngå som ei viktig del av kommunane sin samla satsing på barne- og ungdomsfeltet. Det er kommunane som må ivareta det heilskaplege perspektivet.

##### Forslag til lokale tiltak:

UKM Norge foreslår at kommunane kan sjå på moglegheiter for å knytte UKM til eksisterande internasjonale nettverk. I dei kommunane som har tette band med byer i utlandet på kulturområdet, er dette eit positivt forslag.

##### Forslag til regionale tiltak:

UKM Norge foreslår at fylkeskommunane kan sjå på moglegheiter for å knytte UKM til eksisterande internasjonale nettverk. Fylkesrådmannen merkar seg dette forslaget men meiner det i praksis kan vere vanskeleg å innpasse UKM i eit internasjonalt perspektiv på kulturområdet.